



Olav Martin Lunde
Lyngbøvegen 83
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4051 - 15/37414

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
14.12.2015

Gbnr11/16 og 18 Hølleland. Førebels svar på søknad om løyve til deling.

Syner til søknad om løyve til å få dele gbnr11/16 og 18 i tre like store parsellar.

Søknaden er stempla motteke i kommunen 02.12.2015.

Søknaden er mangelfullt opplyst, og ein ber om at spørsmåla nedanfor vert utgreidd, før kommunen kan handsame søknaden.

1. Tiltaket ligg i område sett av til bustadføre mål. I desse områda er det i høve pkt.1.1 i dei generelle føresegnene til kommuneplanen, krav om regulering før deling kan finne stad. For å kunne gjennomføre det tiltaket de har søkt om er det naudsynt med dispensasjon frå kravet om regulering. Det går ikkje fram av søknaden om de søker om dispensasjon.
2. Tiltaket er ikkje grunngjeve. For å kunne take stilling til spørsmålet om dispensasjon er det naudsynt at de i søknaden seier kva som er bakgrunnen for og målet med tiltaket.
3. Tiltaket gjeld oppretting av tre tomter av eit areal som i dag er to tomter. Av søknaden går det fram at ein tomt (11/16) skal nyttast til fritidsbusetnad, men kva skal dei to andre parsellane nyttast til?
4. Det vert og opplyst at det skal målast opp tomt til naust? Vedlegg 7 skal syne tomta? For sakshandsamar ser det ut til at naustet ikkje er merka av på kartet, og det går heller ikkje fram om det er naudsynt å dele frå grunnen til naustet?

Søknaden dykkar vert teke til handsaming når de har svart på spørsmåla ovanfor.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Olav Martin Lunde

Lyngbøvegen 83 5164

LAKSEVÅG